

11.10.2009

## Kvalikplass for damelaget



Tor Gundersen - fornøgd med uskedelingane Gørill Samland Eik og Anita Simensen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Damelaget til Rosendal, med uskedelingen Tor Gundersen som trenar og to Uskedal-spelarar på laget, skaffa seg eit pusterom sundag ettermiddag. Før denne avgjerande kampen låg laget på sistepllassen eitt poeng etter motstandaren Os, men heimelaget sigra 2-0 og dermed rykka det forbi og opp på kvalikplass. "Om det blir kvaalik-kampar er imidlertid ikkje avgjort.**

Også uskedelingane Anita Simensen og Gørill Samland Eik gjorde seg sterkt gjeldande, Anita med friskt angrepsspel og Gørill mellom anna med å scora mål nummer to . Det første målet var Kristine Enes meister for. Begge måla kom i første omgang.

Rosendal-laget vann framfor alt ein arbeidssiger, det var tydeleg at jentene denne gongen ville vinna. Det var også heilt nødvendig hvis det ikkje skulle bli nedrykk. Difor gjekk dei friskt inn i duellane og kampen lovar godt med tanke på eit eventuelt fortsatt liv i 3. divisjon.

Egentleg vart ein, på bakgrunn av det tildels friske spelet, forundra over at laget har hatt så store problem denne sesongen. Det er tydeleg at den nye trenaren har gjort ein god jobb med å motivera spelarane.

Av Ola Matti Mathisen



Kristine Enes skyt mål på straffespark. (Foto: Ola Matti Mathisen)